


Kartlegging av funksjonell strandsone i Kvinnherad kommune

Rapport

Plandokument: dato 12.06.2019



KVINNHERAD
KOMMUNE

QBO
PLAN &
ARKITEKTUR

Innholdsliste

1	Innleiing.....	3	5.14	Område 14 Ænes.....	40
2	Bakgrunn.....	3	5.15	Område 15 Sundal - Austrepollen.....	41
3	Plan- og bygningslova.....	3	5.16	Område 16 Flatebø / Nordrepollen.....	43
4	Funksjonell strandsone.....	4	5.17	Område 17 Varaldsøy.....	44
4.1	Metode.....	4	5.18	Område 18 Gjermundshamn.....	47
4.2	Digitale data.....	4	5.19	Område 19 Hatlestrand.....	48
4.3	Kriterium.....	5	5.20	Område 20 Ølve.....	50
4.4	Feilkjelder og usikkerheit.....	11	5.21	Område 21 Håvik.....	51
4.5	Nytte av resultat.....	11	5.22	Område 22 Lukksundet.....	53
5	Kartleggingsområde og resultat.....	12			
5.1	Område 1 Åkra.....	13			
5.2	Område 2 Matre ferjekai.....	14			
5.3	Område 3 Indre Matre.....	15			
5.4	Område 4 Sunde – Valen – Sandvoll - Utåker - Holmedal.....	16			
5.5	Område 5 Halsnøy.....	20			
5.6	Område 6 Fjelbergøy.....	27			
5.7	Område 7 Borgundøy.....	28			
5.8	Område 8 Bogsnes – Røyrvik.....	29			
5.9	Område 9 Husnesvågen - Herøysundet - Uskedalen.....	30			
5.10	Område 10 Skorpo.....	33			
5.11	Område 11 Snilstveitøy – Kalven.....	34			
5.12	Område 12 Omvikdalen – Løfallstrand.....	35			
5.13	Område 13 Årsnes.....	39			

1 Innleiing

I samband med revisjon av kommuneplan for Kvinnherad kommune er strandsoneverdiane langs deler av kommunen kartlagt. Om lag 365 km kystsoner er kartlagt. Arbeidet har omfatta tilrettelegging av eksisterande informasjon, analysar og feltarbeid.

Arbeidet er gjennomført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS i samråd med Kvinnherad kommune. Prosjektmedarbeidarar i arbeidet har vore Turid Verdal, Karoline Eldøy og Åshild Blomdal. Metode for vurdering av funksjonell strandsoner er utvikla i samband med *Strandsonerplan – forstudie* i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland (2010).


2 Bakgrunn

I Kvinnherad kommune er strandsona ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og friluftsliv. Utfordringar knytt til planlegging og forvaltning av strandsona ligg ofte i å balansere mellom bruk og vern av areala. Gjennom å kartlegga eksisterande inngrep i strandsona og definera funksjonell strandsoner kan ein lettare skilja mellom område som bør sikrast vern og tilpassa bruk, og område som kan leggast til rette for utbygging til bustad-, fritids- eller næringsføremål. Kyst- og øykommunar med mykje strandsoner har tradisjonelt ei befolkning som set stor pris på tilgjenge til sjøen. Tilgjenge til sjø gjennom båt plassar, naust og tilrettelegging av busetnads- og næringsområde er såleis viktige trekkplaster for å oppretthalde folketal og aktivitet i kommunane.

Statistisk sentralbyrå, SSB, oppdaterer årleg statistikk for byggeaktivitet og tilgjenge i strandsona (100-metersbeltet). Statistikken syner at det er om lag 6000 bygningar innanfor 100-metersbeltet (2018), og at om lag 66 % av strandsona i Kvinnherad kommune med fastlandssamband (bru/ferje) er bygningsnært areal (bygg inklusiv 50meter buffer). Ved å sjå på strandsona i eit friluftsperspektiv er om lag 30 % potensielt tilgjengeleg (topografi og inngrep som ikkje sperrar for ferdsel). Bygg og innmark utgjør dei største fysiske inngrepa strandsona i kommunen. Statistikken er gjort tilgjengeleg i kart, vist i døme frå område aust for Dimmelsvik, via nettsida her: <https://kart.ssb.no/>

3 Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova legg føringar for heilskapleg arealforvaltning for statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd, der bruk av areal og andre naturressursar vert vurdert saman. Lova legg til rette for samordning, og gjev grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Lova skal fremja berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.



100-metersbeltet

Strandsona skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikrast god tilgjenge for ålmenta. Sidan 1950-talet har Noreg hatt eigne reglar for bruk og vern av strandsona. I Plan- og bygningslova §1-8 går det fram at byggjeforbodet i 100-metersbeltet gjeld *"så langt ikke annen byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan"*. Forbodet gjeld også innanfor regulerte byggeområde og byggeområde avsett i kommuneplan, dersom det ikkje er fastsett byggegrense mot sjø. Utbygging i strandsona skal såleis som hovudregel vere i samsvar med overordna plan og ta omsyn til landskap, natur og friluftsliv. Lova gir såleis både avgrensingar og moglegheiter. I område der kommunen meiner det hensiktsmessig å vurdere ei anna byggegrense enn 100-metersbeltet, er det mogleg å fastsetja denne i overordna plan, eller som del av ein reguleringsplan.

4 Funksjonell strandsona

I Fylkesplan 2005-2008 er funksjonell strandsona definert som;

"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet".

Kartlegging av funksjonell strandsona inneber ei analyse av landskap og landskapselement, og krev mellom anna synfaringar og flyfoto/kartstudiar. Gjennom ei slik kartlegging kan ein differensiera strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium, og slik definera område som bør vernast og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for ålmenta står i fokus. Funksjonell strandsona er ikkje byggegrense, men ei avgrensing av område som har strandsoneverdiar. Funksjonell strandsona kan likevel nyttast som grunnlag for å vurdere ei nye byggegrense mot sjø, og i somme område kan dei vera samanfallande. I område der ny byggegrense vert sett nærare sjø enn funksjonell strandsona, bør kommuneplan eller detaljplan sikre strandsoneverdiane i dette området gjennom omsynssoner, føresegner eller retningslinjer.

4.1 Metode

Kartleggingsarbeidet er utført basert på eksisterande data, flyfoto og synfaring. Som grunnlag for synfaringa er det utarbeidd temakart som inkluderer alle kjente data. Temakart for kartlegginga og utvalde bilde frå delområda ligg som vedlegg til rapporten (NB! Karta er ikkje i rett målestokk). Ut frå temakarta og studie av flyfoto er det gjort ei vurdering av strandsoneverdiane før synfaring. Temakarta er vidare nytta som bakgrunnsinformasjon for feltarbeidet. Synfaring gir eit anna perspektiv på realiteten enn det ein kan lesa ut frå flyfoto og temakart, og er såleis ein viktig korrigerande del av kartlegginga. Feltarbeid er gjennomført 25-26.02.2019, og kunnskapsgrunnlaget er henta frå kjente databasar og kommunen sin forvaltningsdatabase februar 2019.

4.2 Digitale data

Tilgjengelege digitale data:

- Felles kartdatabase (FKB) inkl. digital markslagskart (Ar5)
- Naturbasen (Direktoratet for Naturforvaltning)

- Inngrepsfrie naturområde (INON-områder, Direktoratet for Naturforvaltning)
- Databasen Askeladden og SEFRAK registeret (Hordaland Fylkeskommune)
- Regionalt viktige friluftsområde (Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland)
- Lokale friluftsområde (Kvinnherad kommune / naturbase)
- Landskapskartlegging (Hordland fylkeskommune)
- Kulturminnerik strandsone (Interkommunal strandsoneplan, Samarbeidsrådet i Sunnhordland)
- Kommuneplan for Kvinnherad
- Reguleringsplanar i Kvinnherad
- Flyfoto / ortofoto

4.3 Kriterium

Basert på definisjonen av funksjonell strandsone er det utarbeidd sju kartleggingskriterium. Til saman vil kriteria gi eit heilskapleg og konkret grunnlag for kvalitetsvurdering og differensiering av strandsona. I område der ingen av kriteria er framtreidande og gjev grunnlag for ei differensiert strandsone, vert 100-metersbeltet vidareført. Dette er særleg nytta for lengre delstrekke utan utbygging eller infrastruktur og med einsarta natur og topografi.

Funksjonell strandsone er kartlagt ut frå dagens situasjon og tek ikkje høgde for evt. framtidig utbygging av område. Det er ikkje gjort vurderingar knytt til fastsetjing av nye byggjegransar i dei ulike områda i denne fasen. Avgrensingane er fastsett i tråd med definerte kriteria som biologisk mangfald, landskap, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv, landbruk, eksisterande infrastruktur og eksisterande plan. I område der fleire kriterium er relevante er det gjort ei prioritering mellom desse. I det vidare vert dei 7 kriteria utdjupa nærare.

4.3.1 Biologisk mangfald

Område med stort og/eller særprega biologisk mangfald er kartlagt etter retningslinjer utarbeida av Direktoratet for naturforvaltning (DN). Områda er prioriterte i tre kategoriar; A (svært viktig), B (viktig) og C (lokal verdi). Vurderinga er gjort på bakgrunn av området sin kvalitet og innhald av raudlisteartar. Alle desse områda, uavhengig av verdisetjing, vert vekta høgt dersom lokaliteten er knytt til strandsona. Anna biologisk mangfald som ikkje er kartfesta som naturtype og er knytt til strandsona / har kvalitetar og relasjon til strandarealet, t.d. strandeng og sumpområde, er også naturleg del av den funksjonelle strandsona. For større vassdrag er det naturleg at delar av elveosen vert teke med som ein del av funksjonell strandsone. Dette er gjort med bakgrunn i elveosen som ein viktig biologisk biotop. Dersom registrert naturverdi eller verna område strekk seg veldig langt innover land, er det valt å avgrense den funksjonelle strandsona til 100-metersbeltet.

Datagrunnlag:

- Område verna etter naturvernlova (naturmangfaldlova)
- Område registrert med viktig biologisk mangfald (naturtypar, viltkartlegging)
- Anna biologisk mangfald, uregistrert
- Større vassdrag

4.3.2 Landskap

Strandsone kan ha kvalitetar som er knytt til eit landskapsrom som naturleg vender seg mot stranda/sjøen. Landskapsrommet vert då ei naturleg topografisk avgrensing av funksjonell strandsone. Landskapselement kan ha verdiar i høve til lokal identitet, heilskap, urørt landskap og særmerka former. I større urørte område, samt særmerka og tydelege landskapselement, som t.d. nes, er dette kriteriet lagt særskilt stor vekt på. Vidare er topografi og brattleik avgjerande for i kva grad området er tilgjengeleg i friluftssamheng, samt kor eigna området er for ulike arealføremål, som t.d. byggjeområde. Det er gjennomført ein brattleiksanalyse /hellingsanalyse for kartleggingsområda. I vurdering av funksjonell strandsone tek ein utgangspunkt i at areal brattare enn 25 graders helling er utilgjengeleg. Saman med andre kriterium vert større parti som er brattare enn 25 graders helling teke med som ein del av funksjonell strandsone og linja sett ovafor det bratte partiet. Brattleiksanalysen vert nytta i samheng med andre kriterium og forsterkar grunnlaget for vurderinga.

Datagrunnlag:

- Landskapsrom/landskapselement
- Topografi – bratte område
- Inngrepsfrie naturområde i Norge (INON)



4.3.3 Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne er kartlagt og tilgjengeleg i databasen Askeladden (Riksantikvaren). Kulturminne som har tilknytning til strandsone er lagt vekt på i vurderinga. Bygnings- og landskapsmiljø som er knytt til strand/sjø vert vurdert som ein del av den funksjonelle strandsone. Område med svært spesielle kvalitetar, som t.d. heilskaplege bygningsmiljø, vert saman med kriteriet topografi/landskap er vekta høgt.

Datagrunnlag:

- Automatisk freda kulturminne
- Sefrak registreringar
- Kulturmiljø/kulturlandskap




4.3.4 Friluftsliv

Statleg sikra friluftsområde er lokalt og regionalt viktig for rekreasjon og friluftsliv. Det er difor viktig at slike område får ein viss inngrepsfri buffer kring seg. Hordaland fylkeskommune har kartlagt viktige regionale friluftsområde for både sjø- og landareal. Fylkeskommunen har mellom anna lagt kriteria som bruk, opplevingskvalitet, symbolverdi og tilrettelegging til grunn for klassifisering av områda. Områda er delt inn i kategoriane A (svært viktig), B (viktig) og C (registrert). I tillegg til dette har Kvinnherad kommune gjennomført ei meir detaljert kartlegging basert på lokalkunnskap. Kriterium friluftsliv er vekta i samspel med topografi/landskap og kulturminne/kulturmiljø. Fastsetjing av funksjonell strandsone kan gi bakgrunnsinformasjon og grunnlag for å sikra lokale badeplassar og lune vikar som vert nytta til friområde. Kriteriet friluftsliv er sterkt knytt saman med kriteriet landskap.

Datagrunnlag:

- Statleg sikra friluftsområde
- Regionale friluftsområde
- Lokale friluftsområde
- Lokale badeplassar/friområde



4.3.5 Landbruk

Tilgjengeleg strandsone for ålmenta kan definerast som område med fri ferdsel etter Friluftsløva, samt tilgjenge i høve til topografi. I følgje Friluftsløva er det fri ferdsel i utmark, med eit par unntak. Der innmark (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) går heilt ned i sjøkanten er det ikkje fri ferdsel i 100-metersbeltet. Landbrukskriteriet vert vektlagt der innmark går ned til sjø og funksjonell strandsone vert sett enten på 100-metersbeltet eller på bakgrunn av særigne og avgrensa landskapsrom.

Datagrunnlag:

- Dyrka mark, Ar5
- Flyfoto/synfaring



4.3.6 Eksisterande infrastruktur

Område med infrastruktur vert vurdert i høve til landskapsrom og tilknytning til strand/sjø. Sjøtilknytt busetnad er ein del av strandsona, t.d. naustmiljø og rorbu/hyttenaust. Konsentrert bustadområde vil vera ei naturleg avgrensing for den funksjonelle strandsona. Funksjonell strandsone vil verta sett enten langs veg eller næraste bygg til sjø der strandsona allereie er privatisert. I spreidd utbygde område vert det gjort ei vurdering i høve til området sine strandsoneverdiar, og funksjonell strandsone vert sett på bakgrunn av eksisterande infrastruktur eller basert på andre kriterium. Ein veg kan vera ei naturleg avgrensing mellom urørt areal og utbygde område, eller mellom landskapselement og -bruk. Det er skilt mellom hovudveg og privat/skogveg. Veg som avgrensande kriterium er nytta i område der vegen er ei klar barriere mellom ulike landskapselement og/eller bruksmessige tilhøve.

Datagrunnlag:


- FKB
- Flyfoto/synfaring



4.3.7 Eksisterande plan

Der det er eksisterande regulerings- eller utbyggingsplanar med fastsett byggjegrænse mot sjø, vert den funksjonelle strandsona ikkje vurdert på nytt og linja vert sett i samsvar med plan. For planar utan byggjegrænse mot sjø vert funksjonell strandsona vurdert med hovudvekt på landskap og eksisterande infrastruktur, samt byggegrense sett i gjeldande kommuneplan. I planar med klår avgrensing mellom utbyggingsføre mål og strandsona, der strandsona er ivareteke med eit avgrensa areal, er dette vekta tungt i vurderingane, og i dei fleste område er denne avgrensinga nytta for å definere funksjonell strandsona.

- Kommuneplan
- Reguleringsplan



Tabell 1 Skjematisk oversikt over kartleggingskriterium

Tema	Delkriterium /vurdering
Naturmangfold	
Naturvernområde	Inkludert i FS dersom økologisk knytt til strandsona. FS sett på 100-metersbeltet dersom verna området strekk seg lengre inn på land.
Område med viktig biologisk mangfold	Inkludert i FS dersom økologisk knytt til strandsona
Anna biologisk mangfold, registrert synfaring	Inkludert i FS dersom økologisk knytt til strandsona
Større vassdrag	Elveosen, avgrensa i hovudsak til 100-metersbeltet oppover i elva
Landskap	
Topografi	Område brattare enn 25 graders helling. Samanhengande eller større parti er teke med som ein del av funksjonell strandsona og linja sett ovafor det bratte partiet.
Landskapsrom/ -element	Del av FS ved særeigne/ tydeleg formasjonar, element
Inngrepsfrie område i Norge (INON)	Del av vurderinga av FS. FS sett på 100-metersbeltet dersom verna området strekk seg lengre inn på land.
Landskapskartlegging (HFK)	Del av vurderinga i høve til verdien av området
Kulturminne	
Automatisk freda kulturminne	Inkludert i FS dersom knytt til strandsona
Kulturmiljø/-landskap	Inkludert i FS dersom knytt til strandsona
Verdifullt kulturmiljø	Inkludert i FS dersom knytt til strandsona
Kulturminnerik strandsona (strandsoneprojektet)	Del av vurderinga i høve til verdien av området
Friluftsliv	
Statleg/kommunalt sikra friluftsområde	Inkludert i FS
Regionale friluftsområde	Del av vurderinga i høve til verdien av området
Lokale friluftsområde	Inkludert i FS dersom verdiane/interessene er knytt til strandsona
Lokale badeplassar/friområde	Inkludert i FS
Landbruk	
Dyrka mark	100-metersbeltet eller landskapsrommet/der det skaper skilje i arealbruk

Infrastruktur	
Veg	Differensiert mellom hovudveg og skogsveg/sti. Avgrensing FS der vegen er klar barriere/endra bruk. Barriere mellom ulike landskapselement, bruksmessige tilhøve
Busetnad	Busetnad kan vera naturleg avgrensing av FS. Vurdering i høve til storleik, privatisering, omfang. Avgrensing FS der busetnad er klar barriere/ endra bruk. Enkeltbygg på kaiplan eller tett på kystkonturen er ein del av funksjonell strandsone som t.d. hytte, bustad, utleige hytter/rorbu, naust og næringsbygg.
Sjøtilknytt busetnad	Kan vera ein del av FS og kan vera naturleg avgrensing av FS. Vurdering i høve til storleik, privatisering, omfang
Plan	
Kommuneplan	Bandlagte område, friområde, naturområde i KP vert inkludert i FS. Eksisterande byggeområde kan vera naturleg avgrensing av FS.
Reguleringsplan	FS er lik føremålsgrænse (eller byggegrænse) mot sjø dersom reguleringsplanen har klare føremålsavgrensingar mot sjø. Der byggeføremålet går heilt ned til sjø eller ikkje har klar avgrensing mot sjø er FS i hovudsak sett ved næraste bygg til sjø (eks. bustad, hytte). I hovudsak er naust, utleigebustad/rorbu er ein del av funksjonell strandsone. FS er vurdert i reguleringsplanar med og utan byggegrænse mot sjø.

4.4 Feilkjelder og usikkerheit

Analysane er utarbeidd frå eksisterande datagrunnlag. Feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultatata. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som tilstrekkeleg på kommuneplannivå.

Kartlegging av den funksjonelle strandsone er basert på konkrete, men også skjønsmessige kriterium. For å redusera feilmarginal/feilkjelde er det gjennomført kontroll gjennom feltarbeid frå sjø og skråfoto.

4.5 Nytte av resultatata

Gjennom å kartlegga funksjonell strandsone får ein eit verktøy for vurdering av vern, tilpassa bruk og område som kan leggast til rette for utbygging.


Kartlegginga skal nyttast som:

- Grunnlag for vurdering av arealinnspel og avgrensing av arealinnspel (konsekvensutgreiing)
- Grunnlag for fastsetjing av byggegrænse, der kommuneplanen sine føresegner vil definera kva infrastruktur og bygg/anlegg som kan liggja nærmare enn funksjonell strandsone
- Grunnlag for fastsetjing av omsynssone
- Ein skyggeplan for vidare arealforvaltning og planrevisjon

5 Kartleggingsområde og resultat


Kartleggingsområda markert med rød linje, og er vidare i rapporten inndelt og skildra i følgjande i delområde:

1. Åkra
2. Matre Ferjekai
3. Indre Matre
4. Sunde - Valen - Sandvoll - Utåker
5. Halsnøy
6. Fjelbergøy
7. Borgundøy
8. Bogsnæs – Røyrvik
9. Husnesvågen - Herøysundet - Uskedalen
10. Skorpo
11. Snilstveitøy – Kalven
12. Omvikdalen/Dimmelsvik – Løfallstrand
13. Årsnes
14. Ænes
15. Sundal – Austrepollen
16. Flatebø / Nordrepollen
17. Varaldsøy – 3 delområde
18. Gjermundshamn
19. Hatlestrand
20. Ølve Håvik
21. Lukksundet



5.1 Område 1 Åkra

Kartleggingsområdet omfattar Åkra og områda kring Vågsvika. Området har spreidd utbygging der Åkra kyrkje ligg sentralt i vågen. Det er noko busetnad, naustbygg og veg innanfor 100-metersbeltet, samt ein del dyrka mark som strekk seg frå sjø og lengre inn på land. Deler av vegnettet i området ligg tett på sjøen med bratt terreng i bakkant. Vågsneset i aust, samt det opne landskapsrommet inst i vågen er sentrale landskapselement i kartleggingsområdet. Funksjonell strandsone er frå vest mot aust sett: I overkant av bratt topografi, langs veg, i 100-metersbeltet med omsyn til større landskapsrom og vidare langs veg og 100-metersbeltet med omsyn til større landskapsrom og landskapselement, samt i overkant av bratt topografi og framfor busetnad ut mot Vågsneset.




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	X
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	


5.2 Område 2 Matre ferjekai

Kartleggingsområdet omfattar områda sør og nord for ferjekaien på Matre ytst i Matersfjorden. Området har spreidd utbygging der ferjekaien er sentral. Det er noko busetnad og naustbygg innanfor 100-metersbeltet, samt at hovudvegen ligg stort sett innanfor 100-metersbeltet. Funksjonell strandsone er frå nord mot sør sett: Langs fylkesveg, i samsvar med utbyggingsføremål i reguleringsplan, vidare langs fylkesvegen og ferjekaien. Frå ferjekaien er linja trekt i framkant av bygging som er trekt frå sjø, og til slutt langs fylkesvegen.



5.3 Område 3 Indre Matre

Kartleggingsområdet omfattar eit mindre område i Indre Matre, inst i Matersfjorden. Området har konsentrert utbygging med bustadar, hytter, naust, landsbruksbygningar. Utbygd areal ligg på ei lita høgde tett på 100-metersbeltet. Det er relativt ope landskapsrom med dyrka mark innanfor området, før terrenget stig bratt opp i fjellsidene på alle sider. Vest for kartleggingsområdet går Blåelva. Funksjonell strandsone er frå vest mot aust sett: Langs 100-metersbeltet ved elva, vidare langs bratte/platå med jordbruksareal og i framkant av bygningane som danner topografisk skilje og vidare langs køyreveg som danner eit bruksmessig skilje. Kulturminna i området ligg trekt inn på land og er vurdert til å ikkje vera ein naturleg del av strandsona.




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfald	X
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	

5.4 Område 4 Sunde – Valen – Sandvoll - Utåker - Holmedal

Kartleggingsområdet omfattar eit lengre strekke som vidare er skildra som fire delområde; Sunde, Valen, Sandvoll og Ersland, samt Utåker-Holmedal.


5.4.1 Sunde



Området på Bjelland er i stor grad utbygde område der store deler av busetnaden og infrastruktur er trekt heilt ned til sjøkanten. Det er i hovudsak bustadar, samt næringsaktivitet på Nesjaneset og indre del av vågen på Opsanger. Det er godkjende reguleringsplanar for fleire delområde her. Ferjeleiet på Sunde ligg på Opsangerneset, som elles er eit tydeleg landskapselement i området. Funksjonell strandsone er i stor grad sett basert på kriteria infrastruktur og plan

i områda med utbygging. Det er verdier knytt til friluftsliv og biologisk mangfald i området, særleg i Sundevågen og Opsangerneset, samt mindre badestrender i området. Funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet på Opsangerneset med utgangspunkt i at det ikkje er grunnlag for å differensiere strandsona, sjølv om det er eit sentralt landskapselement og det er friluftsverdier knytt til området.


5.4.2 Valen



Området frå Porsvika til Valevågen er i stor grad utbygd, der større busetnader og infrastruktur er trekt heilt ned sjøkanten. Det er i hovudsak bustadar, samt noko offentlege tenester med kyrkje, skule og barnehage. Det er godkjende reguleringsplanar for fleire delområde. Funksjonell strandsone er i stor

grad basert på kriteria infrastruktur og plan i områda med utbygging. Det er noko meir ope landskap i søndre del av kartleggingsområde med større grasbakkar frå sjøen som strekk seg innover land. Valøya er kartlagt til å vera ein del av funksjonell strandsone basert på verdiar knytt til friluftsliv og landskapselement.


5.4.3 Sandvoll og Ermland



Området frå Gangstø – Sandvoll - Ermland er i stor grad utbygd område, der deler av busetnaden og infrastruktur er trekt heilt ned til sjøkanten. Det er i hovudsak bustadar i området. Det er godkjende reguleringsplanar for fleire delområde. Funksjonell strandsone er i stor grad basert på kriteria infrastruktur og plan i områda med utbygging.

Området frå Ermland til Ølfernes er i hovudsak strandsone utan inngrep. Terrenget er kupert og relativt bratt til sjø. Funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet i dette delstrekket med utgangspunkt i at det ikkje er grunnlag for å differensiere strandsona.

5.4.4 Utåker - Holmedal



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet


Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	X
Friluftsliv	X
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

Området har ein del spreidd utbygging som er ei blanding av bustadar, hytter og landbruksbygningar. Store deler av utbygginga ligg utanfor 100-metersbeltet, med unntak av delområde i sør, ved Utåker ferjekai og eit område i nord. Området er kupert med ein del bratte parti frå sjøen og eit stykke inn på land. Det er godkjende reguleringsplanar for nokre få område. Det er ein del landbruksverksemd i området der jordbruksareala dannar opne landskapsrom som ofte strekk seg lengre inn på land enn 100-metersbeltet. Det er registrert fleire kulturminne ved Straumsneset/ Ølferneset. Funksjonell strandsone er i delstrekke differensiert frå 100-metersbeltet med utgangspunkt i infrastruktur veg og busetnad som skapar bruksmessig barriere av strandsona. Vidare er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet med utgangspunkt i landskapsrom danna av jordbruksområde, samt at det er delstrek der ingen kriterium gir grunnlag for ei differensiering.

5.5 Område 5 Halsnøy

Kartleggingsområdet omfattar heile strandsona på Halsnøy som vidare er skildra som 4 delområde;

5.5.1 Ranavik – Sæbøvik




Kartleggingsområdet omfattar halvøya nord for sentrum Sæbøvik og Sæbøvik sentrum.

- Områda både på nord og sørsida av Sæbøvik er i stor grad detaljregulerte og avsett til utbyggingsføremål. Store deler av strandsona er utbygd, og utbygginga ligg tett på kystlinja. I desse områda er funksjonell strandzone sett a) i føremålsgrænse der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar

avgrensing mot sjø eller b) i framkant av bygningar der føremålsgrensa ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, og bygningane dannar bruksmessig barriere. Enkeltbygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone (utleige hytter/orbu, naust og næringsbygg).

- Områda nordvest for Sæbøvik er opne større landskapsrom med innmark og spreidd utbygging innanfor 100-metersbeltet. I dette området er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet, noko som gjer at enkeltbygg er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona.
- Det er konsentrert bustadfelt i vestre del av Eidsvika, der dei fleste områda er detaljregulerte. Ein stor del av utbygginga er innanfor 100-metersbeltet, og bustadane dannar ein bruksmessig barriere mot sjø. I desse områda er funksjonell strandsone sett a) i føremålsgrense der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø eller b) i framkant av bygningar der føremålsgrensa ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, og bygningane dannar bruksmessig barriere. Enkeltbygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone (utleige hytter/orbu, naust og næringsbygg).
- Funksjonell strandsone er sett i 100-metersbeltet i delområdet mellom Eidsvika i aust og Klosterågen i vest med grunnlag i at det er større samanhengande naturområde utan inngrep med m.a. friluftsverdiar. Vidare i Klosterågen er funksjonell strandsone i hovudsak sett i 100-metersbeltet pga. større opne landbruksområde, eller i framkant av bygningar som er trekt frå sjø og ikkje er ein del av landskapsrommet mot strandsona. Mot Ranavik ferjekai er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet, i kant med næringsverksemds sin arealbruk eller i Fv544. Områda nærmast ferjeleiet er detaljregulert for hytter, og i dette området er funksjonell strandsone sett i framkant av bygningane fordi føremålsgrensa ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, men bygningane dannar bruksmessig barriere. Enkelt bygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone (utleige hytter/orbu og naust).
- Funksjonell strandsone er sett i 100-metersbeltet for areala frå Ranavik ferjekai til områda sør for Halsnøy kloster. Dette grunnlag i at det er større samanhengande naturområde utan inngrep med m.a. friluftsverdiar og kulturminne. I tillegg slår kriteriet landbruk inn med opne større landskapsrom inn i områda ved Halsnøy kloster. I eit mindre delstrekke der Fv544 går innanfor 100-metersbeltet er funksjonell strandsone sett i kant med fylkesvegen, før den strekk seg opp til 100-metersbeltet igjen i retning mot Breidvika.
- I Breidvika er det noko busetnad som dannar bruksmessig barriere mot sjø, og funksjonell strandsone er sett i framkant av bygningane, og innanfor regulert areal er funksjonell strandsone sett i føremålsgrensa for utbyggingsføremål som gir klar avgrensing mot sjø. Heile Sæterneset er del av funksjonell strandsone med grunnlag i tydeleg landskapselement, samt natur- og friluftsverdiar. Funksjonell strandsone er frå Leirdalsvika og vidare mot Sæbøvik sett i 100-metersbeltet med grunnlag i opne større landskapsrom med innmark og spreidd utbygging hovudsakleg utanfor 100-metersbeltet. I dette området er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet.
- Frå Sæbøvik til Naustvika i søraust er funksjonell strandsone sett i framkant av bygningar som dannar bruksmessig barrierar eller er topografisk avskilt frå sjø, eller langs 100-meterbeltet med grunnlag i innmarksområde som dannar større landskapsrom.

5.5.2 Naustvågen – Grunnvågen



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	X
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	X
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

Dette er eit delområde som består av mindre utbygde område, og store lengre naturområde utan inngrep og friluftsverdiar. Det er eit regulert bustadfelt og næringsområde ved Bjoaneset og hyttefelt i Grunnvågen. For store deler av området er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. I områda frå Naustvika til Bjoaneset er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet med grunnlag i større opne område danna av innmark og biologisk mangfold.

Innanfor reguleringsplanane på Bjoaneset er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse for utbyggingsføremåla. Frå Bjoaneset og sørover er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet fram til reguleringsplanen i Grunnvågen. Dette inkluderer større samanhengande naturområdet, friluftsliv- og naturverdiar. Det gir at det er enkelt bygg er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona. I Grunnvågen er funksjonell strandsone sett i køyrevæg som danner bruksmessig barriere eller i føremålsgrænse for utbyggingsføremål innanfor reguleringsplanen.

5.5.3 Grunnvågen – Djupevika




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfald	X
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	X
Friluftsliv	X
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

Kartleggingsområdet omfattar områda frå Grunnvågen i nordvest til halvøya ved Sydnes ferjekai og Djupevika i nordaust.

- Frå Grunnvågen, Ådnavika til Fatlandshavn er funksjonell strandsone sett i Fv62 som dannar bruksmessig barriere. I hovudsak ligg busetnad på oppsida av fylkesvegen, men noko spreidd utbygging ligg på nedsida og er ein del av funksjonell strandsone. Desse bygga ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona.
- Frå Fatlandshavn til Sydnes ferjekai er funksjonell strandsone i hovudsak sett i 100-metersbeltet med grunnlag i landskapsrom danna av innmark, lengre delstrekk utan inngrep og i nokre område er det ingen grunnlag for differensiering. I Kjekavika er det ein reguleringsplan for hytter, der funksjonell strandsone er sett i framkant av bygningar fordi føremålsgrrensa ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, men bygningane dannar bruksmessig barriere. Enkelt bygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone (hytter/rorbu). Pollen Røyta like sør for reguleringsplanen er inkludert i funksjonell strandsone med grunnlag i biologisk mangfald (strandeng og strandsump). Områda med ferjekaien i sør er del av funksjonell strandsone med grunnlag i landskapsrom og friluftsverdiar.
- Sør for Sydnes ferjekai er funksjonell strandsone i hovudsak sett i 100-metersbeltet heilt opp til Hansavika. Det er delstrekk med bratt topografi som gir grunnlag for ei differensiering, men det er langt vekt på delområdet er større samanhengande naturområde utan inngrep med friluft- og naturverdiar.
- Nordre del av Hansavika er etablert hyttefelt som er detaljregulert og funksjonell strandsone er her sett i føremålsgrense der utbyggingsføremåla gir klar avgrensing mot sjø. Det er elles noko spreidde hytter i vika der funksjonell strandsone er sett i framkant av hyttene som har bratt topografi mot sjø, samt langs køyreveg som har bratt topografi i bakkant. Vidare frå Hansavika og til Djupevika er funksjonell strandsone i hovudsak sett i 100-metersbeltet heilt opp til Djupevika. Det er delstrekk med bratt topografi som gir grunnlag for ei differensiering, men det er langt vekt på delområdet er større samanhengande naturområde utan inngrep med friluft- og naturverdiar.


5.5.4 Djupevika – Hillestadneset – Sæbøvik



Kartleggingsområdet omfattar områda i søraust ved Djupevika, Hillestadneset med industri, Fjellandsvika og områda nordover med halvøya frå Bunes/Toftevågen til Sæbøvik (Toftåsen).

- Frå Djupevika til Hillestadneset er funksjonell strandsone i hovudsak sett i 100-metersbeltet eller langs køyreveg og i forhold til reguleringsplan. Frå Djupevika er det ikkje grunnlag for differensiering og funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet. Vidare nordover frå Mjelkevik er funksjonell strandsone sett i kant veg vegen som har bratt topografi mot sjø og for delområde også på oppsida. Innanfor reguleringsplanen på Hamraneset er funksjonell strandsone sett i framkant av bygningar fordi reguleringsplanen ikkje gir eintydig avgrensing mot sjø. Enkelt bygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone (utleige hytter/orbu og naust). Vidare mot Hillestadneset er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet med grunnlag i opne landskapsrom og innmark, samt i framkant av bygningar som er trekt frå sjø og ikkje er ein del av landskapsrommet mot strandsona.
- Store deler av Hillestadneset er detaljregulert og vert nytta til industriverksemd/skipsverksemd, samt at det er bustadfelt her. Det er også to reguleringsplanar for bustadfelt og skipsmuseum vest for Hillestadneset. Funksjonell strandsoner er innanfor reguleringsplanane og næringsføremål i kommuneplan sett i føremålsgrense for utbyggingsføremåla som gir klar avgrensing mot sjø.
- Vidare vestover i Fjellandsvika er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet med grunnlag i urørte naturområde og opne landskapsrom og innmarksareal. Områda i vestre del av vika er utbygd frå Landasanden, Toftevågen til Nordrevågen/Bunes der store deler av bygningane ligg innanfor 100-metersbeltet. I områda med reguleringsplan er funksjonell strandsone sett i føremålsgrense for utbyggingsføremåla som gir klar avgrensing mot sjø. Enkelt bygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone (utleige hytter/orbu, naust og næringsbygg). Heile Bunes er ein del av funksjonell strandsone. Elles er funksjonell strandsone sett i køyreveg som dannar bruksmessig barriere mot sjø.
- Funksjonell strandsone er sett i 100-metersbeltet i områda frå Nordre Toftevågen til Sæbøvik med grunnlag i lengre samanhengande urørte naturområdet. Det er delstrek med bratt topografi som gir grunnlag for ei differensiering, men det er langt større vekt på at delområdet er større samanhengande område utan inngrep med kultur-, friluft- og naturverdiar.

5.6 Område 6 Fjelbergøy




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

Kartleggingsområdet omfattar heile Fjelbergøy. Store deler av 100-metersbeltet er utan bygg og anlegg, og består av naturområde. Det er noko spreidd busetnad i området ved Fjelberg ferjekai i sør og frå Kvernafua til Nordhusvågen i nordaustre del av øya. I desse områda er det også registrert innmarksareal som danner opne landskapsrom. Funksjonell strandsone er for store deler av kartleggingsområdet sett i 100-metersbeltet med utgangspunkt i at det er større og samanhengande areal utan inngrep og det er få kriterium som gir grunnlag for ei differensiering. Heile Rosneset i nordaust er inkludert i funksjonell strandsone med grunnlag i at det er eit framtrèdande landskapselement i området. Funksjonell strandsone er sett nærmare sjøen enn 100-metersbeltet i området ved Fjelberg ferjekai med utgangspunkt i at eksisterande bygg danner bruksmessig barriere, samt landskapsavgrensingar, samt i området ved Breidvika-Skiftesvik i nord med utgangspunkt i reguleringsplan og køyreveg som danner ein bruksmessig barriere.

5.7 Område 7 Borgundøy




Kartleggingsområdet omfattar heile Borgundøy. Det er fleire delstrek av 100-metersbeltet utan bygg og anlegg, som ber preg av naturområde. Det er spreidd busetnad i området ved Kvernavika-Gjerdsvågen, Hammarslandsvågen, Dalavika og Akسدal. I desse områda er ein del av busetnaden inkludert i reguleringsplanar, samt det er registrert innmarksareal som dannar opne landskapsrom. Funksjonell strandsone er for store deler av kartleggingsområdet i nord og i sør sett i 100-metersbeltet med utgangspunkt i at det er større og samanhengande areal utan inngrep og det er få kriterium som gir grunnlag for ei differensiering. Funksjonell strandsone er basert på:

- Frå Kvernavika til Gjerdsvåg i føremålslinje der utbyggingsføremål i reguleringsplanar gir klar avgrensing mot sjø, 100-metersbeltet i område der dyrka mark dannar opne landskapsrom, langs fasadeliv for busetnad som er trekt frå sjø og langs registrert friluftsområde.

- Frå Svartesjøen - Hammarslandsvågen til Dalavika i føremålslinje der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø, i kant av innmark som dannar tydeleg landskapsrom, langs fasadeliv for busetnad som er trekt frå sjø, i overkant av bratt topografi og langs registrert naturtype kystfuruskog ved Mælen i sør.
- Frå Dalavika til Aksdal i føremålslinje der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø, 100-metersbeltet i område der dyrkamark dannar opne landskapsrom og langs fasadeliv for busetnad som er trekt frå sjø. For store deler av dette strekket er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet med utgangspunkt i at det er større samanhengande areal utan inngrep. Funksjonell strandsone inkluderer friluftslivs- og naturverdiar.
- Frå Aksdal til Kvernsvika i føremålslinje der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø og køyreveg som dannar ein bruksmessig barriere. Funksjonell strandsone i søre del av dette delstrekket er sett i 100-metersbeltet med utgangspunkt i at det er større samanhengande areal utan inngrep. Funksjonell strandsone inkluderer friluftslivs- og naturverdiar (naturrestat).

5.8 Område 8 Bogsnes – Røyrvik




Kartleggingsområdet omfattar eit mindre delstrekk frå Bogsnes i aust til Røyrvikvågen i vest, nordvest for Husnes sentrum. Store deler av området er utbygd med bustadfelt og næringsområde, og deler av utbygginga ligg innanfor 100-metersbeltet. Det er fleire område som er detaljregulerte. Funksjonell strandsone er frå vest mot aust sett: I overkant av bratt topografi og i framkant av bustadar som danner bruksmessige barrierar, i 100-metersbeltet med omsyn til større landskapsrom med dyrka mark, i overkant av bratt topografi og i framkant av bustadar og vidare langs føremålslinje i reguleringsplan for næringsområde, i framkant av bygningar som danner barrierar og landskapsrom danna av innmark. Vidare austover innanfor reguleringsplanane i føremålsgrense som har klar avgrensing mot sjø for bustadar og innanfor næringsområde, og så i framkant av busetnad ut mot Bogsnes.

5.9 Område 9 Husnesvågen - Herøysundet - Uskedalen

Kartleggingsområdet omfattar eit lengre strekke som vidare er skildra som to delområde.

5.9.1 Husnesvågen – Herøysundet



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfald	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X


Kartleggingsområdet omfattar strandsona frå Husnesvågen i sørvest til Herøysundet i nordaust. Fylkesveg 48 går tett på sjøen i store deler av dette området, og store deler av busetnaden langs vegen ligg på oppsida av vegen. Funksjonell strandsone er for store deler av kartleggingsområdet sett i kant med fv48 som dannar ein klar bruksbarriere mot sjø. Funksjonell strandsone er sett:

- Bogsnesvågen frå vest mot aust/nord i 100-metersbeltet i område der dyrkamark dannar opne landskapsrom, langs køyreveg, i bakkant av bygningar som er ein del av landskapsrommet, og ved Husnes industriområde er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse mot næring/kai i område med reguleringsplan eller kommuneplan.
- Frå Husnesvågen til Herøysund i hovudsak sett i kant med Fv48. Enkeltbygg på nedsida av Fv48 er ein del av funksjonell strandsone. Ved Herøysund er det ein del bustadfelt som er regulerte i plan, og i desse områda er funksjonell strandsone sett a) i føremålsgrænse der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø eller b) i framkant av bygningar der føremålsgrænse ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, og bygningane dannar bruksmessig barriere. Enkeltbygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone.
- Frå Herøysund til Børneset i hovudsak i Fv48 der vegen går innanfor 100-metersbeltet eller i 100-metersbeltet med grunnlag i at det er få kriterium som gir grunnlag for ei differensiering, samt at hovudvegen dannar ein bruksmessig barriere. Nokre enkelt bygningar ligg utanfor funksjonell strandsone med grunnlag i at dei er trekt tett opp til Fv48 og det er bratt topografi mot sjø.

5.9.2 Børnes – Uskedalen – Ljoneset

Kartleggingsområdet omfattar strandsona frå Børneset i vest til Uskedalen og Ljoneset i aust. Fylkesveg 48 går tett på sjøen i store deler av dette området, og store deler av busetnaden langs vegen ligg på oppsida av vegen. Områda ved Uskedalen er utbygde område der det er gjeldande reguleringsplanar. Funksjonell strandsone er for store deler av kartleggingsområdet sett i kant med fv48 som dannar ein klar bruksbarriere mot sjø. Funksjonell strandsone er sett:


- Børneset til Uskedalen: i føremålsgrænse for næringsområdet på Børneset sett i reguleringsplan/kommuneplan, og vidare til Uskedalen langs Fv48 som dannar bruksmessig barriere. Enkeltbygningar på nedsida av Fv48 er ein del av funksjonell strandsone.
- Uskedalen til Korsneset: a) i føremålsgrænse der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø eller b) i framkant av bygningar der føremålsgrænse ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, og bygningane dannar bruksmessig barriere. Ein del av bygga utanfor reguleringsplanane ligg avgrensa mot sjø med bratt topografi i framkant, og her er funksjonell strandsone sett i fasadeliv på bygga. Enkeltbygg på kaiplan er ein del av funksjonell strandsone. Flatholmen er vurdert til å vera ein del av funksjonell strandsone med utgangspunkt i tydeleg landskapselement, og friluftsverdiar.
- Korsneset til Ljoneset: i hovudsak i Fv48 der vegen går innanfor 100-metersbeltet eller i 100-metersbeltet med grunnlag i at det er få kriterium som gir grunnlag for ei differensiering, samt at hovudvegen dannar ein bruksmessig barriere. Nokre enkeltbygningar ligg utanfor funksjonell strandsone med grunnlag i at dei er trekt tett opp til Fv48 og det er bratt topografi mot sjø.



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	Biologisk mangfold	Landskap	Kulturminne/ kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
			X		X	X	X

5.10 Område 10 Skorpo



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet


Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	X
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

Kartleggingsområdet omfattar strandsona på nordaustleg del av Skorpo. Det er noko spreidd bustad- og hytteutbygging i området, og mykje av utbygginga ligg innanfor 100-metersbeltet. Det er noko innmark i området som dannar opne landskapsrom, men dei fleste er trekt noko inn på land og pregar såleis ikkje området så veldig. Det er tre reguleringsplanar i hovudsak for hytter. Funksjonell strandsone er på tre måtar i området:

- Areala sør for Skorpevågen og Eide. I dette området er funksjonell strandsone i hovudsak sett med utgangspunkt i topografi som dannar eit bruksmessig skilje mot sjø med bratt og kupert terreng, og i framkant av eksisterande bygningar som er trekt noko frå sjø og der det er bratt mot sjø.
- Vågareset, areala nord for Skorpevågen og Eide. Dette området er detaljregulert, ein eldre reguleringsplan for spreidde hytter, der arealføremålet ikkje gir klar avgrensing mot sjø. Funksjonell strandsone er difor sett i framkant av bygningar og andre kriterium som landskap har spelt inn med omsyn til fastsetting av linja. Funksjonell strandsone er i dette området ikkje samanhengande, og enkeltbygg/område som ikkje naturleg heng saman med resten er definert for seg sjølv. Arealet nord for dette delstrekket er eit ope landskapsrom som strekk seg på tvers av øya, og arealet med bygningar knytt til landbruk er vurdert til å vera ein del av funksjonell strandsone.

- Areala nord for Vågareset. Det er to reguleringsplanar for spreidde hytter, der arealføremålet ikkje gir klar avgrensing mot sjø. Funksjonell strandsone er difor sett i framkant av bygningar og andre kriterium, som landskap, har spelt inn med omsyn til fastsetting av linja. Funksjonell strandsone er i dette området ikkje samanhengande, og enkeltbygg/område som ikkje naturleg heng saman med resten er definert for seg sjølv. Funksjonell strandsone er sett i 100-metersbeltet i areala mellom reguleringsplanane med utgangspunkt i at det er lengre samanhengande delstrekk med urørt natur der det er få kriterium som gir grunnlag for differensiering. Det er delstrekk med bratte parti som gir grunnlag for differensiering, men det er lagt vekt på at områda er samanhengande urørte areal framfor topografi.

5.11 Område 11 Snilstveitøy – Kalven



Kartleggingsområdet omfattar strandsona på nordre del av Snilstveitøy og heile øya Kalven. Det er noko spreidd bustad- og hytteutbygging i området, og mykje av utbygginga ligg innanfor 100-metersbeltet. Det er ein reguleringsplan på Kalven i hovudsak for hytter. Funksjonell strandsona er avgrensa slik:

- Snilstveitøy frå aust til vest langs 100-metersbeltet, i framkant av bygningar som ligg trekt noko frå sjø og der det er bratt og kupert mot sjø, samt at ein har nytta kriterium innmark som eit bruksmessig skilje i arealbruk. Vidare frå Kalvasundet til Øyavika langs 100-metersbeltet med utgangspunkt i eit ope landskap danna av innmarksareal.
- Kalven: Nordre og søndre del av øya er definert som ein del av funksjonell strandsona med utgangspunkt i at det er eit tydeleg landskapselement, har friluftsverdiar og det er få kriterium som gir grunnlag for ei differensiering. Midtre del av øya er detaljregulert. Funksjonell strandsona er sett a) i føremålsgrænse der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø eller b) i framkant av bygningar der føremålsgrænse ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, og bygningane dannar bruksmessig barriere.


5.12 Område 12 Omvikdalen – Løfallstrand

Kartleggingsområdet omfattar eit lengre strekke som vidare er skildra som to delområde.

5.12.1 Omvikdalen – Rosendal

Kartleggingsområdet omfattar strandsona frå Omvikdalen/Dimmelsvik i vest til Rosendal i nordaust. Fylkesveg 48 går tett på sjøen i store deler av dette området, og store deler av busetnaden langs vegen ligg på oppsida av vegen. I områda ved Omvikedal/Dimmelsvik til Seimsfoss er dei fleste utbygde områda omfatta av gjeldande reguleringsplanar. Funksjonell strandsona er for store deler av kartleggingsområdet sett i kant med fv48 som dannar ein klar bruksbarriere mot sjø. Funksjonell strandsona er avgrensa slik:

- Frå vest langs Fv48 og i føremålsgrænse for næringsområdet for masseuttak sett med bakgrunn i reguleringsplan/kommuneplan. Vidare til Holmsund dannar Fv48 bruksmessig barriere, og funksjonell strandsona føl vegen. Føremålsgrænse for næringsføremål der Kvinnherad energi er etablert er nytta som avgrensing. Enkeltbygningar på nedsida av Fv48 er ein del av funksjonell strandsona.
- Frå Holmsundet og austover mot Omvikdalselva er det reguleringsplanar for i hovudsak bustadar, der arealføremålet ikkje gir klar avgrensing mot sjø. Funksjonell strandsona er sett i framkant av bygningar der føremålsgrænse og bygningane dannar bruksmessig barriere. Dette prinsippet er også nytta i område med bustadar som ikkje er ein del av reguleringsplan, men bygga dannar ein bruksmessig barriere - der er funksjonell strandsona sett i fasadeliv på bygga. Funksjonell strandsona er avgrensa og sett i 100-metersbeltet ved Omvikdalselva og Lundsvika med utgangspunkt i landskapsrom danna av elva og innmark.
- Lundsvika til Seimsfoss og Rosendal i hovudsak avgrensa av Fv48. Det er fleire regulerte område i dette delstrekke, men eksisterande eller gamal Fv48 dannar ein bruksmessig barriere som er naturleg avgrensing av funksjonell strandsona. Enkeltbygningar, i hovudsak naust og sjønære hytter, på nedsida av Fv48, er ein del av funksjonell strandsona. Ved Seimsfoss næringsområde er funksjonell strandsona sett i føremålsgrænse for næringsføremål i gjeldande reguleringsplan/ kommuneplan.




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	Biologisk mangfold	Landskap	Kulturminne/ kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
	X	X		X	X	X	X


5.12.2 Rosendal – Løfallstrand

Kartleggingsområdet omfattar strandsona frå Rosendal i sør til Løfallstrand i nord. Fylkesveg 48 går tett på sjøen i store deler av dette området, og store deler av busetnaden langs vegen ligg på oppsida av vegen. Rosendal er kommunesenteret i kommunen, og her er det ulike typar sentrumsføremål og bruksområde. Funksjonell strandsone er mindre eigna som kartleggingsmetode i sentrumsområde. Gjennom sentrum føl avgrensinga difor i hovudsak utbyggingsføremål i reguleringsplanane. Områda nord for sentrum er ope og del av eit større landskapsrom danna av topografi og innmark, og utbygging i området er i stor grad trekt langt frå sjø. Områda ved Neslia er konsentrert utbygd, og areala vidare mot Løfallstrand er prega av meir spreidd utbygging. Funksjonell strandsone er for store deler av kartleggingsområdet sett i kant med Fv48 som danner ein klar bruksbarriere mot sjø. Funksjonell strandsone er sett:

- I Rosendal sentrum er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse for utbyggingsføremål i reguleringsplanar og 100-metersbeltet ved utløpet til Rosendalelva. Nord for sentrum er funksjonell strandsone sett i fasadeliv på bygningar som danner ein bruksmessig barriere. Deler av denne utbygginga er også topografisk avgrensa av anna landskapsrom i bakkant av bygningane. Vest for Rosendalstunet er funksjonell strandsone avgrensa til 100-metersbeltet med grunnlag i landskapsrom danna av innmark. Enkeltbygningar på nedsida av 100-metersbeltet er ein del av funksjonell strandsone.
- I området ved Neslia er det konsentrert bustadfelt der bygga ligg tett på sjø, men danner bruksmessig barriere. Deler av bustadane er del av reguleringsplan, og der er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø. For område utan reguleringsplan er funksjonell strandsone sett i framkant av bygningar der føremålsgrænse i kommuneplanen ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, og der bygningane danner bruksmessig barriere. Funksjonell strandsone inkluderer mindre ubygde areal som danner landskapsrom mellom bustadane.
- Nord for Neslia i hovudsak avgrensa av Fv48 eller 100-metersbeltet der Fv48 går lengre inn på land enn 100-metersbeltet. Delstrekket til næringsområdet lengst i nord består av mindre opne landskapsrom der det er spreidd utbygging. Enkeltbygningar på nedsida av Fv48 er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona. Det er nokre få område som er detaljregulerte der funksjonell strandsone er sett i føremålsgrænse der utbyggingsføremål i reguleringsplanen gir klar avgrensing mot sjø. Ved Løfallstrand ferjekai er friluftsverdiane vektta høgt og funksjonell strandsone føl denne registreringa. Ved Hellesøy verft næringsområde er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse for næringsføremål i gjeldande reguleringsplan/ kommuneplan.



5.13 Område 13 Årsnes




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	
Infrastruktur	X
Plan	X

Kartleggingsområdet omfattar området ved Årsnes ferjekai og næringsområde. Området består av nærings- og samferdselsflater og har spreidd utbygging. Fylkesveg 48 og fylkesveg 551 går gjennom området. Funksjonell strandsone er frå sør mot nord sett. I 100-metersbeltet med omsyn til landskapsformasjonar, vidare i føremålsgrense for nærings/samferdselsføremål i gjeldande reguleringsplan og vidare langs Fv551.

5.14 Område 14 Ænes




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	Biologisk mangfold	Landskap	Kulturminne/ kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
	X	X		X	X	X	X

Kartleggingsområdet omfattar området frå Svoldal i vest til Ænestangen i aust. Området består av spreidde bustader, hyttefelt, campingplass og næringsareal knytt til sagbruk og akvakultur. Fylkesveg 551 går tett på sjøen i store deler av dette området, og mykje av busetnaden langs vegen ligg på oppsida av vegen. Funksjonell strandsone er for store deler av kartleggingsområdet sett i kant med Fv48 som dannar ein klar bruksbarriere mot sjø. Det er fleire regulerte område her der arealføremål for utbygging er tydeleg avgrensa mot sjø. I desse områda er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse for utbyggingsføremåla. Funksjonell strandsone er frå vest mot aust sett: Langs Fv551 og i framkant av bygg som ligg tett på fylkesvegen og er avgrensa av bratt topografi mot sjø fram til Æneselva, med unntak av dei fire reguleringsplanområda der funksjonell strandsone er sett i føremålsgrænse for utbyggingsføremåla (hytter, camping og næring). Ved Æneselva er funksjonell strandsone sett i bru langs Fv551. Resten av kartleggingsområde aust for Æneselva følgjer Fv551, med unntak av regulert areal på Ænestangen der arealføremål saman med topografi dannar tydeleg skilje mot sjø. Enkeltbygningar på nedsida av Fv551 er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er ein del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona.

5.15 Område 15 Sundal - Austrepollen


Kartleggingsområdet omfattar området frå Sundal i vest til indre del av Austrepollen i aust. Området består spreidde bustader, hyttefelt og campingplass. Fylkesveg 551 går tett på sjøen i store deler av området, og mykje av busetnaden langs vegen ligg på oppsida av vegen, med unntak av areala ved utløpet av Bondhuselva. Funksjonell strandsone er for store deler av kartleggingsområdet sett i kant med Fv551 og 107 som dannar ein klar bruksbarriere mot sjø. Det er for fleire delstrekke bratt topografi nedanfor Fv551. Det er fleire regulerte område her der arealføremål for utbygging er ikkje tydeleg avgrensa mot sjø, og type utbygging er knytt til sjønære hytter (rorbu/hyttenaust), fritids- og turistføremål (m.a. rasteplass og oppstilling for bubilar) eller naust. I desse områda er funksjonell strandsone avgrensa av Fv551 med utgangspunkt i at slike sjørelaterte bygningar er ein del av strandsona. Funksjonell strandsone er frå vest mot aust sett langs Fv551 fram til Sundal, også i området med reguleringsplan på Musskjerneset for fritid og turisme. I Sundal er funksjonell strandsone sett i framkant av bustadbygg som er trekt frå sjø og dannar bruksmessig barriere, samt i føremålsgrænse for næringsføremål sett i kommuneplanen (campingplass). Vidare austover er funksjonell strandsone sett i Fv551 som inkluderer landskapsrom knytt til sjø, kulturminne og friluftsverdiar, og dannar bruksmessig barriere mot sjø. Dette er også tilfellet ved reguleringsplanen ved Helleneset som regulerer hytter og hyttenaust på nedsida av Fv551. Areal inst i Austrepollen er ope landskap danna av innmarksareal. Fv551 bryt gjennom landskapet og dannar bruksmessig barriere. Funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet ved Austrepollelva, og vidare langs Fv107 nordvestover.



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	Biologisk mangfold	Landskap	Kulturminne/ kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
		X		X	X	X	X

5.16 Område 16 Flatebø / Nordrepollen



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	

Kartleggingsområdet omfattar indre del av Nordrepollen, Flatebø. Området består av spredde bustader og innmarksareal. Fylkesveg 51 går tett på sjøen i store deler av dette området, og mykje av busetnaden langs vegen ligg på oppsida av vegen, med unntak av areala lengst i søraust. Funksjonell strandsone er i hovudsak sett i kant med Fv51 som dannar ein klar bruksbarriere mot sjø. Unntaket er i området i søraust der funksjonell strandsone er sett i framkant av bustadbygg som er ein del av busetnaden i området og dannar bruksmessig barriere mot sjø, samt i 100-metersbeltet med grunnlag i at innmarksareal dannar større og ope landskapsrom.

5.17 Område 17 Varaldsøy

Kartleggingsområdet omfattar tre delområde som vidare er skildra som tre delområde.

5.17.1 Varaldsøy Vest




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	X
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	

Kartleggingsområde er på vestsida av Varaldsøy og omfattar areala sør og nord for sentrum og ferjekaien på øya. Nord for ferjekaien er det spreidd utbygging, men i hovudsak urørte naturområde, medan områda ved Bygdavågen – ferjekaien – Evjepollen er karakterisert av dyrka mark og meir konsentrert utbygging enn elles i kartleggingsområdet.


I områda ved ferjekaien dannar innmarka relativt opne landskapsrom samstundes som infrastruktur, bygg eller køyreveg, dannar bruksmessige barrierar. Funksjonell strandsone varierer mellom å gå i 100-metersbeltet, langs køyreveg og i framkant av bygg som ikkje er ein del av strandsona sitt landskapsrom (bratt topografi og/eller trekt frå sjø). Ferjekaien inkl. tømmerkaien er ikkje ein del av funksjonell strandsone. Det er fleire bygg som ligg innanfor funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er ein del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona. Frå Vågsvikane og nordover er funksjonell strandsone i hovudsak sett i 100-metersbeltet med grunnlag i at dette er eit lengre delstrekk og naturområde utan inngrep. Det er mindre delområde med utbygging som i hovudsak ligg i funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona. Nokre bygningar er utanfor funksjonell strandsone med utgangspunkt i dei ligg topografisk vendt frå sjø, bratt mot sjø og ikkje er ein del av landskapsrommet.

5.17.2 Varaldsøy søraust



Kartleggingsområdet omfattar areala ved Ferjevågen i sør og nordover til Gjuvslandslia og Nautaneset/ Djupevika. Området er karakterisert med at det er delområde med utbygging og landbruksverksemd, samt Gjuvslandslia med natur- og friluftsverdiar som ligg mellom søre og nordre del av kartleggingsområdet. I sør er det ein reguleringsplan for hyttefelt med spreidde enkeltstående fritidsføremål som har regulert omsynssone for bevaring av landskap og vegetasjon. Funksjonell strandsone følg omsynssona si avgrensing, og vurderer at hyttene som ligg innanfor omsynssona er ein del av landskapsrommet i strandsona. I Ferjevågen er funksjonell strandsone sett med utgangspunkt i friluftregistreringar, som også inkluderer kulturminne. Vidare nordover følg funksjonell strandsone 100-metersbeltet der det er registrert innmarksareal og vidare nærmast Gjuvslandslia i framkant av bygningar som er trekt frå og det er bratt topografi mot sjø. Det er enkeltbygg som ligg innanfor funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona. Funksjonell strandsone er sett i 100-metersbeltet i Gjuvslandslia med grunnlag i natur- og friluftverdiar. Vidare nordover dannar innmarksareal større opne landskapsrom og funksjonell strandsone er i hovudsak sett i 100-metersbeltet med unntak av eit område som er detaljregulert og har klar føremålsavgrensing mot sjø. Nord for Nautaneset er funksjonell strandsone sett i køyreveg då det er bratt både på opp- og nedsida av vegen.

5.17.3 Varaldsøy nordaust, Haukanes




Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfald	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	

Kartleggingsområdet omfattar areala ved Haukanes aust på Varaldsøy. Området er i stor grad karakterisert av landbruk, spreidd utbygging som er trekt frå sjø og bratt/kupert terreng mot sjø. Funksjonell strandsone føl frå sør køyrevegen som dannar bruksmessig barriere, og vidare i framkant av bygningar og i overkant av bratt topografi. Vegen, innmarka og bygningane ligg på eit platå som er trekt frå sjø. Ved Naustneset er funksjonell strandsone igjen sett i køyrevegen som dannar bruksmessig barriere. Det er enkeltbygg som ligg innanfor funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona.

5.18 Område 18 Gjermundshamn




Kartleggingsområdet er areala frå Gjermundshamn ferjekai i sør til Grønevika i nord. Det er tett konsentrert utbygging ved Gjermundshamn og meir spreidd utbygde område nord for Hamnarås. I tilknytning til den spreidd utbygginga er det innmarksareal. Det er elles ein del registrerte friluftområde innanfor kartleggingsområdet. Det er fleire reguleringsplanar innanfor kartleggingsområdet der dei fleste har ei tydeleg avgrensing mot sjø for utbyggingsføremåla, og i desse tilfella er funksjonell strandsone sett i føremålsgranse for utbyggingsføremålet.

Funksjonell strandsone er frå sør mot nord sett: I 100-metersbeltet for å sikre friluftsverdiar, i framkant av busetnad som er trekt frå sjø og har bratt topografi mot sjø, vidare i føremålsgranse i reguleringsplan og i framkant av ferjekaien. Ytre del av Hamnatangen er klassifisert som ein del av funksjonell strandsone med utgangspunkt i at dette er eit utstikkande og markant landskapselement, bygningane ligg tett på sjø og er ikkje detaljregulerte, samt at det er friluftsverdiar på begge sider av neset. Areal mellom ferjekaien og Haugevågen er detaljregulerte og føremålsgranse for utbyggingsføremål er nytta som avgrensing. Vidare er funksjonell strandsone sett langs Fv48 som dannar ein bruksmessig barriere, og i framkant av bygg som er trekt frå sjø og som til dels har bratt topografi mot sjø. Enkeltbygningar er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje i seg sjølv ein klar bruksmessig avgrensing. Frå Haugevågen og ut til Veravågen er funksjonell strandsone sett med utgangspunkt i topografi og bruksmessig skilje i arealtype, samt friluftregistreringar. I Veravågen er Fv48 nytta som avgrensing, og vidare nordover er funksjonell strandsone sett i Fv48 eller med utgangspunkt i bratt topografi mot sjø og i framkant av bygningar. Det er detaljregulering Femsteinevika som gir klar avgrensing mot sjø og funksjonell strandsone er sett i føremålsgranse for utbyggingsføremåla. Vidare nordover er funksjonell strandsone sett i Fv48 og i avgrensing for registrerte friluftsverdiar, der det også er delområde med bratt topografi mot sjø. Enkeltbygningar i dette delstrekket er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ei klar bruksmessig avgrensing.

5.19 Område 19 Hatlestrand

Kartleggingsområdet er frå Segltangen i sør til Gjerdsvågen i nord. Dette er spreidd utbygde område og større opne innmarksområde. Det er elles ein del registrerte friluftområde innanfor kartleggingsområdet. Det er fleire reguleringsplanar der dei fleste har ei tydeleg avgrensing mot sjø for utbyggingsføremåla, og i desse tilfella er funksjonell strandsone sett i føremålsgranse for utbyggingsføremålet.


Funksjonell strandsone er frå sør mot nord sett slik: Ovanfor bratt topografi og vidare i føremålsgranse for utbyggingsføremål i reguleringsplan, i forhold til topografi og bruksmessig skilje i arealtype, samt friluftregistreringar. I frå Klubben til Sagvågen er det ope landbruksområde med kulturminne- og friluftsverdiar og her er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet. Næringsområdet på Klubben er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at det topografisk er unaturleg å «hente opp» arealet, samt området er mindre og består av eldre bygningsmiljø. I frå Sagvågen er det fleire reguleringsplanar der funksjonell strandsone er sett i føremålsgranse for utbyggingsføremål. Store deler av denne utbygginga er trekt noko frå sjø og har bratt topografi. I Gjerdsvågen er funksjonell strandsone sett i køyreveg som dannar bruksmessig barriere. Det er fleire bygg i dette området som er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona, ligg i område med friluftsverdiar og dei gir ikkje ei klar bruksmessig avgrensing av strandsona.



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	X
Friluftsliv	X
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

5.20 Område 20 Ølve



Kartleggingsområdet er areala kring Ølvesvika frå Presthus i sørvest, Ølve sentrum, Tufta inst i vågen og Troppa i søraust. På vestsida av vågen er det spreidd bustadbygging med større innmarksareal, sentrum av Ølve har meir konsentrert utbygging med bustadar, handel/tenester/skule og næringsareal, medan austsida av vågen i større grad er prioritert for fritidshytter med større regulerte hyttefelt. Det er fleire reguleringsplanar innanfor kartleggingsområdet der dei fleste har ei tydeleg avgrensing mot sjø for utbyggingsføremåla, og i desse tilfella er funksjonell strandsone sett i føremålsgranse for utbyggingsføremålet.


Funksjonell strandsone er sett slik:

- Presthus – Ølve: I 100-metersbeltet med utgangspunkt i opne område med friluftsverdiar nærmast sjøen, og innmarksareal som dannar opne store landskapsrom. Det er nokre få bygg som er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og at dei gir ikkje i seg sjølv ei klar bruksmessig avgrensing mot sjø. Funksjonell strandsone er sett i framkant av bygningar som har bratt topografi mot og dannar barriere mot sjø, samt langs Fv49 for areala nærmast sentrum.
- Ølve sentrum – Tuft i vågen: I Ølvesvika er funksjonell strandsone sett i Fv49 som dannar ein bruksmessig barriere, og vidare innanfor regulert areal i a) i føremålsgrænse der utbyggingsføremål i reguleringsplan gir klar avgrensing mot sjø eller b) i framkant av bygningar der føremålsgrænse ikkje gir tydeleg avgrensing mot sjø, og bygningane dannar bruksmessig barriere. Grønstruktur er inkludert i funksjonell strandsone. Nord for det regulerte området er det avsett næringsføremål og funksjonell strandsone er sett i føremålslinja på næringsområdet, og vidare innover vågen er funksjonell strandsone sett i Fv49 som dannar bruksbarriere mot sjø. Inst i vågen er kriterium topografi og landskapsrom nytta som avgrensing.
- Tuft – Troppa: I starten av området er det eit næringsområde der funksjonell strandsone er sett i føremålslinja for næringsområdet. Vidare sørover langs køyreveg som dannar bruksmessig barriere, og i framkant av bygningar som er trekt frå sjø og dannar bruksmessig barriere. Det er noko busetnad nærmare sjøen her som ligg i funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona og dei gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing mot sjø. Sørover til reguleringsplanane er funksjonell strandsone sett i 100-metersbeltet med grunnlag i at det er få kriterium som gir grunnlag for differensiering. Innanfor reguleringsplanane er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse der utbyggingsføremål gir tydeleg avgrensing mot sjø og bygningane dannar/vil danne bruksmessig barriere.

5.21 Område 21 Håvik

Kartleggingsområdet er areala frå Hamarhaugvika i vest til Vikane i aust. Fylkesveg 49 går langs sjøen for store deler av området og det er spreidd utbygde område og mindre innmarksområde langs vegen. Store deler av utbygginga ligg på oppsida av fylkesvegen. Det er fleire reguleringsplanar innanfor kartleggingsområdet der dei fleste har ei tydeleg avgrensing mot sjø for utbyggingsføremåla, og i desse tilfella er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse for utbyggingsføremålet.


Funksjonell strandsone er frå vest mot aust sett slik: Avgrensa til 100-metersbeltet med grunnlag i ope landskapsrom danna av innmarksareal. Vidare innanfor regulerte området i føremålsgrænse for utbyggingsføremål i reguleringsplanane. Frå Notaneset og langs heile Håvika til Vikane i søraust er funksjonell strandsone sett i Fv49 som dannar bruksmessig barriere. Der Fv49 går utanfor 100-metersbeltet i søraust er funksjonell strandsone sett i framkant av bygningar som er trekt frå sjø og har bratt topografi mot sjø, samt dannar ein barriere mot sjø. Det er eit bustadbygg i dette området som er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at det ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona, og at det gir ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona.



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

5.22 Område 22 Lukksundet



Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet

Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone	
Biologisk mangfold	
Landskap	X
Kulturminne/ kulturmiljø	
Friluftsliv	
Landbruk	X
Infrastruktur	X
Plan	X

Kartleggingsområdet er areala på vestsida av Lukksundet frå Stussvik i nord til Nordsheim/Gjersheim i sør. Det er spreidd utbygde område i området der Fv49 går lengre inn på land enn 100-metersbeltet og har ikkje kontakt med sjøen. Det er kupert terreng og fleire bratte delparti mot sjøen, og mindre innmarksteigar som dannar mindre landskapsrom. I kartleggingsområdet er kriterium landskap med landskapsrom og topografi mykje nytta. I stor grad er funksjonell strandsone sett i overkant av bratt topografi og i forhold til topografi og bruksmessig skilje i arealtype. Funksjonell strandsone går for enkelte delområde i framkant av bygningar som har bratt topografi mot sjø og ikkje er ein del av landskapsrommet mot sjø. Det er enkelte bygg, bustadar/hytter, som er ein del av funksjonell strandsone med grunnlag i at dei ligg i eit landskapsrom som er del av strandsona, og dei gir slik ikkje ein klar bruksmessig avgrensing av strandsona. Innanfor regulert areal er funksjonell strandsone sett i føremålsgrænse for utbyggingsføremål i reguleringsplanen.